

# Vedtekter for Telemark Bilruter AS

Gjeldande frå 05.06.2024

## § 1

Namnet på selskapet er Telemark Bilruter AS.

## § 2

Selskapet har til føremål å drive persontrafikk, varetransport og elles anna som har samanheng med dette.

## § 3

Selskapet har forretningskontor/hovudkontor i Seljord.

## § 4

Aksjekapitalen er kr. 2.280.600,- delt på 11.403 aksjar, kvar på kr. 200,- fullt innbetalt og lydande på namn.

## § 5

Selskapet vert leia av eit styre på 5 medlemmer med 1., 2. og 3. varamedlem som vert valde på generalforsamlinga. I tillegg kjem 2 styremedlemer med 1. og 2. varamedlem valde av og frå dei tilsette.

To av styremedlemene er på val etter eitt år, etter 2 år er 3 på val o.s.b., slik at valet gjeld for 2 år med unntak av første året. Styreleiar vert vald på generalforsamlinga. Styret vel sjølv nestleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av alle medlemene er til stades. Dersom det er like mange røyster for og imot ei sak, skal styreleiar ha dobbelrøyst. To av styremedlemene bind selskapet med si underskrift. Styret kan gje prokura. Styret tilset dagleg leiar og fastset løna og vilkåra.

## § 6

Vanleg generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni mnd. Styreleiar kallar inn til generalforsamlinga med minst 14 dagars varsel ved brev til kvar aksjeeigar under den adressa som står i protokollen over aksjeeigarar.

Generalforsamlinga har til oppgåve:

- a) Å førehava årsrekneskapen og årsmeldinga.
- b) Å avgjere korleis overskotet skal nyttast.
- c) Å velje styremedlemer og styreleiar i styret og fastsetje godgjerings deira.
- d) Å velje revisor og godkjenne godtgjerings hans.
- e) Å velje valnemnd som kjem med framlegg til styremedlemer og styreleiar.
- f) Elles å drøfte og avgjere saker som er nemnde i innkallinga.

Saker som nokon ynskjer ta opp på generalforsamlinga, må vere innsende til styret innan 1. april. Seinare innkomne saker bør utstå.

## § 7

Ekstraordinært generalforsamling vert halde når styret finn det naudsynt eller når det vert kravd av aksjeeigarar som representerer minst tiandeparten av aksjekapitalen. Dei må i tilfelle samstundes gje opp kva for saker dei vil drøfte. Møtet vert samankalla på same måte som det vanlege generalforsamling og det vert berre teke opp dei sakene som er nemnde i innkallinga.

## § 8

På generalforsamlinga har kvar aksje ei røyst. Aksjeeigarar som ikkje møter, kan gje andre skriftleg fullmakt til å møte i sin stad.

## § 9

Reglane i aksjelova skal gjelde i spørsmål som ikkje er nemnde i desse vedtektene.